



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 86

Namnet på vatnet Svarzvatnet

Kommune Eigersund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

S V A N E V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 22. august 1986.

Vatnet ligg i Eigersund kommune, nærmere stadfest aust for Fotlandvatnet og nord for Hesthamar, ca. 30 m.o.h.

Arealet er noko i underkant av 10 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamtover må vatnet karakteriserast som grunt.

Stranda består for det meste av fjell der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras er den dominerande vegetasjonen, men ein vil finna nøkkeroser, siv- og algevegetasjon m.v.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om snaufjell, men også ein del kulturskog .

Største bekketilsiget fell inn på nordsida og kjem frå Furetjørna. Elles er det berre mindre bekketilsig som fell inn og desse vil vera turrlagde store deler av året.

Avlaupet renn ut i nord og går til Fotlandsvatnet.

Det går bilveg like fram til vatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for å finna kjemisk samansetjing, men to pH målingar synte begge 5.0.

Gjennomstrøyminga er liten.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 6 garn av ymse maskestorleik (omf. 18-20-22-24-26-32) utan at det etter ei fangstnatt vart fanga ein einaste fisk. Dette stemmer og med det lokalkjente folk kunne fortelja , at vatnet hadde vore fisketomt i mange år.

Konklusjon.

P.g.a. sur nedbør, skrint nedslagsfelt og därlege gytetilhøve har fiskebestandet gått ut og vatnet blitt liggjande fisketomt. Det har såleis gått med Svanevatnet, som med så mange andre vatn i Sør-Vest-Norge, fisken har forsvunne.

At fisken er på veg ut av eit vatn, merkar ein først ved at yngelet og småfisen blir borte. Den større fisken vil tåle eit noko surare vatn og såleis etter kvart bli einerådande. P.g.a. sviktande rekruttering, vil gjerne denne fisken få gode næringstilhøve og bli stor og fin. Men etter kvart som fisken blir oppfiska, eller av andre grunnar dør ut, vil vatnet bli liggjande tomt.

Nedslagsfeltet spelar som kjent ei avgjerande rolle når det gjeld vasskvalitet, næringstilgang og fiskeproduksjon i eit vatn. Består dette t.d. av kultivert mark, kulturbeteier e.l. vil avrenninga herfrå kunne nøytraliserer surheita og gi levelege vilkår for fisken.

Dette er ikkje tilfelle i Svanevatnet og dei harde og sure bergartene i nedslagsfeltet vil ikkje ha nokon filtrerande innverknad på nedbøren.

Ein reknar som regel ein pH på 5.0 som grense når det gjeld formering. Setjefisk vil tåle eit noko surare vatn (pH 4.7-4.8), men næringssforrådet vil og bli sterkt skadelidande, slik at avkastinga vil bli heller liten.

Då gytetilhøva er därlege, må ein også i åra framover basere seg på utsetjing av fisk.

Praktiske tiltak.

For å betre vasskvaliteten, og gi levelege vilkår for fisken, vil tilføring av kalk ha ei positiv innverknad.

Det er fleire måtar å spreie ut kalken på, enten direkte i vatnet, i strandkanten eller i tilsigsbekkene. Også utlegging av sjølsand i tilsigsbekkene vil gi positivt utslag.

Ved å ta kontakt med fiskerikonsulenten vil ein kunna få råd og rettleiing m.o.t. kalking.

Ei tid etter utført kalking kan det setjast ut setjefisk.

Då vatnet har vore fisketomt i mange år, vil det ha magasinert seg eit visst næringssforråd, slik at utsetjingstalet

første gong kan vera noko høgare enn i åra framover. Eit utsetjingstal på 5-600 fisk vil ein kunna starte opp med. Kondisjonsfaktor og fiskekvalitet vil kunna gi svar på utsetjingstalet i åra framover. Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halda under kontroll. Det spelar sjølv sagt inn kor mykje fisk som årleg blir oppfiska, så ved å notere vekta på den fisken som blir fanga gjennom året, vil ein kunna få eit godt grunnlag til å finna vatnet si bæremne.

Førebelts må alt fiske føregå med stang og mot løysing av fiskekort. Om nokre år må grunneigarene kunna drive eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (12-14 omf.) for å nyttiggjera seg den større fisken.

Innkommene av kortsalet må gå til kalking, utsetjing av fisk og andre kultiveringstiltak.

Svanevatnet er litt av ei perle, så mange vil kunna få hyggelige fiskeopplevelsar nettopp ved dette vatnet.

Det må takast eit avgrensa prøvefiske etter 2-3 år for å sjå utfallet av fiskeutsetjinga, fiskekvalitet, næringsforråd m.v.

Stavanger 20. mars 1987

Einar Berg